



Noregs Ungdomslag i samarbeid med BUL i Oslo
inviterer til seminar 24 og 25 oktober 2014



Hus som skaper landet



Boklansering: *Faner i den frilynde ungdomsrørsla*

10.00 Frukostmøte. Lansering av boka i Teatersalen, BUL Bondeheimen

Ungdomshusseminaret

Fredag 24.oktober i Teatersalen i BUL Oslo

- 11.00 Velkommen til Teatersalen, *Nynorskens hus*, i Rosenkrantzgate 8 i Oslo. Ein ny norsk og mangfaldig scene. *Nynorskens hus* v/Liv Hege Skagestad.
- 11.15 Om hus som bygde og bygger landet. Jan Kløvstad, aktiv i NU og redaktør av boka *Ungdomshuset* (1986) og *Ungdomslaget NU 100 år* (1995).
- 11.30 Bygg for motkultur, v/seksjonsleiar hos Riksantikvaren Leidulf Mydland
- 12.00 Kaffi/te/frukt
- 12.15 Ungdomshuset som kulturhus i 100 år og portalen www.ungdomslag.no
Jon Låte/Nils Seland
- 12.45 Det vesle kulturhuset – lokale for levande kulturliv. Møtestad for alle. Paneldebatt og samtale med sentrale stortingspolitikarar, fylkeskultursjef i Møre og Romsdal Heidi-Iren Wedlog Olsen, representant for Riksantikvaren Leidulf Mydland og Endre Kleiveland styreleiar i Noregs Ungdomslag.
- 13.45 Lunsj
- 14.30 Camara Joof show – eit Kunstnarleg innslag Den mangfaldige scenen
- 14.45 Å heve sin stemme! Nefise Özkal Lorentzen
- 15.00 Det nyrestaurerte ungdomshuset i Vats i Hallingdal. Korleis sjå framtida på ny for eit ungdomshus som stod til nedfalls, ved Olav Randen, Ål.
- 15.25 Kaffi/te/frukt
- 15.30 Dale Ungdomslag i Sunnfjord - kvar laurdag er ein fest! Aktivitetar i laget.
Asbjørn Eikerol, leiar i ungdomslaget i Dale.
- 16.00 Huset i Bygda i Sogn og Fjordane. Om prosjektet ved dagleg leiar Ingunn Nyheim
- 16.15 Hav av Jon Fosse. Ein Rikskonsert av NING
Om å ha verdspremiere i ungdomshusa v/Ola E Bø, Liv Hege Skagestad BUL og Kai Johnsen Teaterregissør.
- 16.30 Om hus som gir oppleving og kunnskap for heile verda, Reiselivet og ungdomshuset. Arkitektur og kulturarv for reiseliv i Noreg. Ved Reiselivsutviklar i NCE Turisme – Fjord Norge, Randi Bårtvedt.
- 17.00 Avslutning «Norwegian Folk».

Laurdag 25. oktober i Tingstova Hotell Bondeheimen.

Om det praktiske arbeidet med å eige og drive eit ungdomshus/grendehus

- 09.30 Kva verdier og kva hus skal ein ta vare på?
Leidulf Mydland, Riksantikvaren.
- 10.00 Korleis foreine moderne behov med vern ? Vi viser gode døme.
- 10.30 Korleis skaffe pengar til restaurering og naudsynt modernisering?
Mjeldalen Ungdomslag, Osterøy kommune v/Jostein Mjelde viser veg i søknadsjungelen.
- 11.00 Innkjøps- og forsikringsordningar gjennom KNIF.
- 11.15 Kaffi/te/rundstykke og wienerbrød
- 11.30 Huset i Bygda Sogn og Fjordane og Hordaland v/Ingunn Nyheim og Tone Loftås
Praktisk gjennomgang av aktivitetskartet for lagshus, råd om drift og økonomi.
Sjå også www.husetibygda.no
- 12.30 Debatt og spørsmål om å drifte hus! v/Ingunn Nyheim og Tone Loftås,
- 13.00 Avslutning



Elvatun ungdomshus, Ulvik. Arkitekt Torgeir Alsåker.

Påmelding

Påmelding innan 15. oktober på www.ungdomslag.no/ungdomshus

Seminaravgift for NU-medlemmer kr 350. For andre deltakarar er seminaravgifta kr. 500. Dette dekker lunsj- og kaffipausane som inngår i programmet

Tilreisande må dekke reise og opphald sjølv.

For overnatting kan du kontakte Bondeheimen <http://www.bondeheimen.com>, der du får eigen pris som medlem i Noregs Ungdomslag.

Du kan og kontakte Quality hotell, der du som medlem i Noregs Ungdomslag får 20% rabatt i helger: <https://www.nordicchoicehotels.no>. Oppgi kode 66457.

Motkultur og ungdomshus

BUL og Rosenkrantz' gate 8 var sjølve storstova til norskdomsrørsla i hovudstaden. Bygget blei reist i 1913 og samtidig med dette blei det reist mange hundre ungdomshus omkring i landet. Det var her mykje av ideologien og strategiane for norskdomsrørsla blei forma. Miljøa var prega av bygdas fremste menn og kvinner og det folkelege. Det var ein motkultur som fekk stor innflytelse i utviklinga av kultur i Noreg.

Vi ønskjer å sjå på dei verdiane og desse ideologiane som låg til grunn for norskdomsrørsla og motkulturrørsla har hatt, og kan få for utvikling av Noreg i dag. Vi ønskjer mellom anna å spørje.

- Kva er motkultur?
- Finst motkultur i dag?
- Er arven frå norskdomsrørsla ein ressurs i utvikla av Noreg?

Som ein oppstart for dette gjennomfører vi seminar/samtaler om Ungdomshusa.

Bakgrunn og mål

Ungdomshusa, slik som Rosenkrantz' gate 8, har vore særskilt viktig for utvikling av eit demokratisk og sjølvstendig Noreg. I dag finst om lag 300 slike hus over heile landet. Historia om livet og innhaldet i desse husa er viktige for forståinga av Noreg, og kva dei har betydd for utviklinga av det nye Noreg, ei historie som ikkje er godt nok fortalt.

Rundt om i landet står dei «små kulturhusa», hus som framleis kan vere ein viktig arena for å danne nye fellesskap, for å uttrykke seg innan teater, musikk, dans, kunst- og kultur. Bygga kan også ha verdi for turistnæringa som møteplassar for backpackkarar, utstillingsarenaer eller som arena for tradisjonell folklore.

Husa til frivillige organisasjonar som ungdomshus, skuler, bedehus, samfunnshus har ikkje fått ein tilstrekkeleg plass i forteljinga om framveksten av Noreg.

Noregs Ungdomslag vil, saman med BUL, få fram deler av denne historia, vi vil syna potensialet som desse bygga har, kulturelt, sosial og økonomisk. Vi vil vise krafta desse bygga kan ha og kva for innhald husa kan ha, og korleis ein får til økonomisk samhandling mellom offentlege og private aktørar i bevaring, opprusting og drift.

Teater fredag kveld, 24 oktober på Det Norske Teateret

Som medlem i Noregs Ungdomslag får du rabatt på billetter på Det Norske Teateret, som ligg like ved Bondeheimen. Denne oktoberhelga er det mange spennande stykke som står på speleplanen, mellom anna Brørne Løvehjarte (kl. 17.30), Prøysens Perler (kl. 19.30), Jeppe på Berget (kl. 20.30) og Woyzeck (kl. 20.30).

Sjå www.detnorsketeatret.no for billettprisar.



**NYNORSKENS
HUS**



Nynorskens hus – i by og bygd

